



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
178/25	Formannskapet	03.10.2025
	Formannskapet	

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland-høyring

Vedtak i Formannskapet 03.10.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet stiller seg bak forslag til høyringsinnspel.

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune vedtok å legge utkast til planprogram for Regional plan for areal og mobilitet til høyring den 21.08.2025. Høyringsfristen er sett til 10.oktober 2025.

Føremålet med den regionale planen er å fastsetje strategiske føringar for areal og mobilitet i Vestland. Planen skal styrke samordninga mellom utbygging til ulike føremål og infrastruktur for transport, energi og tenester. Desse behova skal samstundes balansere mot omsynet til klima, natur, landskap og kulturminne. Planarbeidet skal samle alle regionale arealføringar i ein heilskapleg plan og gje retningslinjer og rammer for framtidig utbygging.

Sunnfjord kommune har tidlegare uttala seg til planprogrammet Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn som var på høyring i 2022. Denne planen vart frå VLFK lagt på is i påvente av utviklingsplan for Vestland (vedteken 12.12.2024). VLFK har no i staden sett i gang to regionale planar med parallell høyring av planprogram;

- Regional plan for verdiskaping og kompetanse
- Regional plan for areal og mobilitet

Planprogrammet skal gjere greie for:

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar og deltakarar
- opplegget for medverknad – særleg i høve til grupper som er venta å bli spesielt råka
- behovet for utgreiingar

Fylket har invitert kommunane til å gje høyringsinnspel, og oppmodar om politisk handsaming av høyringsinnspelet.

Meir informasjon om planarbeidet og planprogram, og lenke til skjema for innsending av uttale finn de på <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regionale-planar-under-arbeid/regional-plan-for-areal-og-mobilitet/>

Utkast til planprogram er også lagt ved saka her.

Forslag til Sunnfjord kommune sitt høyringsinnspel

Sunnfjord kommune set pris på høvet til å kome med innspel til ein viktig regional plan for Vestland.

Heilt konkret ønsker Sunnfjord kommune å gje innspel til kap.1.5.2 i planprogrammet. Slik vi forstår har VLFK ambisjonar om å erstatte «Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur» (2018-2022) som tidlegare var gjeldande i Sogn og Fjordane . Sunnfjord kommune vil minne om at vi også har ei gjeldande «Regional handelsføresegn om lokalisering av handel i Sogn og Fjordane», Fastsett i Fylkestinget 8. oktober 2019.

https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2019-10-08-1369/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1

1.4 Særskilt om handelspark

I Førde, som er definert som fylkessenter, kan det etablerast handelspark ved Brulandsvollene utanfor område avsett til sentrumsområde, men då innanfor det området som er avsett i gjeldande arealdel til kommuneplanen, vedtatt 26. september 2019. Omgrepet handelspark vert her definert som i føresegnene i gjeldande kommuneplan.

1.5 Særskilt om handel med plasskrevjande varer

Dersom det ikkje er tilstrekkeleg eller eigna plass i sentrumsområde, kan handel med plasskrevjande varer lokaliserast til regulerte område i direkte tilknytning til sentrum, og med lett tilgjenge både med bil, kollektivtransport, sykkel og gange. Område avsett til handel med plasskrevjande varer kan ikkje omdisponerast til andre handelsføre mål.

For eksisterande handelsområde der den dominerande delen av vareutvalet og omsetnaden er plasskrevjande varer, og som ikkje ligg i sentrum eller i tilknytning til sentrum, gjeld følgjande: Utviding av desse handelsområda kan berre tillatast dersom reguleringsplan med konsekvensutgreiing dokumenterer at tiltaket ikkje er i strid med nasjonale og regionale mål om jordvern og biologisk mangfald, klima, folkehelse, kulturhistoriske verdier og estetiske kvalitetar.

Korleis vert innhaldet i denne handelsføresegna fanga opp i den nye regionale planen for areal og mobilitet?

Som det kjem fram av handelsføresegna § 1.4 så er Førde definert som fylkessenter.

Førde som fylkesdelsenter

Sunnfjord kommune set pris på at planprogrammet har ambisjonar om å utforme ein regional senterstruktur i Vestland med god balanse mellom by, tettstad og distrikt.


Førde var i Sogn og Fjordane fylkeskommune definert som fylkessenter, som har vore avgjerande for utvikling av den nordlege delen av nye Vestland fylke. Utan ei tydeleg satsing på eit tungt senter mellom Ålesund og Bergen, ville regionane kring Førde i det store og heile tape i samsvar med den samfunnsutviklinga som har gått føre seg dei siste tiåra. Ein fryktar dermed at om ein ikkje vågar å satse på det tidlegare fylkessenteret Førde i Sogn og Fjordane, vil vi truleg oppleve ei ytterlegare sentralisering mot større byar i eller utanfor vårt fylke.

Sunnfjord kommune, med Førde i spissen, er ei sterk drivkraft på Vestland. Kommunen har ambisjonar om å halde fram med å vere ei sterk drivkraft i Vestland gjennom å legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu- og arbeidsområde. Vi vil vere ein aktiv partner for ein heilskapleg og auka satsing på infrastruktur i vår del av fylke.

Sunnfjord kommune meiner at Førde bør spele ei sentral rolle i ein senterstruktur for å oppnå ei balansert utvikling sett opp imot Bergensområdet. Kommunen meiner dermed at det må

vurderast å etablere sterkare vekstsenter utanfor Bergen, og Førde har med sin sentrale geografiske plassering i nordre del av fylke desse føresetnadane. Førde har tilgjengeleg areal for vekst, og med ein ny storkommune i ryggen har kommunen alle føresetnadane til å ta rolla som eit delsentar i den nordlege delen av fylke, for å oppnå ei desentralisert og balansert utvikling i heile Vestland fylke.


I samband med arealstrategien i Sunnfjord kommune sin fyrste samfunnsplan, vart det utarbeidd senterstruktur med nivåa kommune-, lokal- og nærsenter, som ein vonar at også fylket ser i samanheng med forslag til regional senterstruktur. Ein opplevde i denne prosessen at det å ha fleire senternivå er med på å oppnå ei meir tydeleg og geografisk spreidd senterstruktur, som gjer det enklare å seie noko om kva funksjon og rolle eit senter skal ha i kommunen.




Figur 1: Strategisk temakart for senterstruktur utvikla i samband med arealstrategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel for Sunnfjord kommune.

Planarbeidet bør vurdere om Vestland fylke, i samsvar med sine mål og ønskjer for utvikling, er meir tent med å i tillegg til regionsenter også definere fylkesdelsenter utanfor fylkessenteret Bergen, som større motor for sin del av fylket. Sunnfjord kommune ynskjer at det vert innført ein 3-delt senterstruktur, der Bergen er eit naturleg fylkessenter, og at Førde saman med Voss og Leirvik (Stord) vert fylkesdelsenter, samt fleire regionsenter (sjå vedlagt illustrasjon av scenario 2 og 3).

Scenario 2 - Bergen, fylkedelsenter Førde og fleire regionsenter



Scenario 3 - Bergen, fleire fylkesdelsenter og -regionsenter



Kollektivknutepunkt

Utvikling av kollektivknutepunkt bør vere eit viktig satsingsområde for den regionale planen for areal og mobilitet. Vi ser at kap. 2.4.4 skildrar kollektivtransport, men vi saknar i planprogrammet eit fokus på kollektivknutepunktet som eit viktig element i stadutvikling. Det kan fort oppstå «silo»-tenking i høve dei ulike fagområda i fylkeskommunen. Gjennom arealplanlegging har vi nasjonale mål om fortetting og arealeffektive løysingar. Det er ønskeleg at seksjon for «plan, innovasjon og klima» kan kome saman med seksjon for «veg

og infrastruktur» med mål om å forme nokre felles prinsipp for stadutvikling til beste for utvikling av kollektivknutepunkt i fylket. Korleis kollektivknutepunkt er utforma er avgjerande for om staden også vert opplevd som menneskevenleg og tilpassa omgjevnaden.

Vi ser av planprogrammet sitt kap.4 at det i kunnskapsgrunnlaget frå arbeidet med regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn (2023) er samla mange gode prinsipp for stadutvikling. Bruk og oppdater dette kunnskapsgrunnlaget. Her vil vi trekke fram Statens vegvesen, KS og Jernbanedirektoratet sin «Veileder for helhetlig knutepunktsutvikling» fra 2018 (<https://www.ostlandssamarbeidet.no/wp-content/uploads/2018/02/Veileder-for-helhetlig-knutepunktputvikling-2018.pdf>)

Medverknad

Kommunen ønskjer å delta aktiv i utarbeiding av planen, og ikkje minst saman med kommunar som inngår i vår del av fylket. Vi ser fram til eit godt samarbeid med Vestland fylkeskommune.

Førde, den 24.09.2025

Terje Heggheim kommunedirektør	Odd Harry Strømsli einingsleiar areal og byggesak
-----------------------------------	--

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Formannskapet 03.10.2025:

I sak 176/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, vart det einstemmig vedteke å utsette saka. Saka vart utsett til neste møte, og kommunen ber om om utsett høyringsfrist.

FORM-178/25 Vedtak: